
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 20.02.2019
Tidsramme: kl 10:00-14:50
Sted: Ålesund
Saksnr.: 10/19 - 20/19
Arkivsak: 2019/128

Møteleiar:
Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:
May Helen Molvær Grimstad
Toril Forbord
Nils Kvernmo
Bjarne Storset
Marianne Nydal (vara for Jan Arve Antonsen)
Mikal Gjellan
Anette Lekve

Frå brukarutvalet møte:
Ingrid Løset
Jakob Strand

Forfall:
Jan Arve Antonsen (1. vara innkalt, meldt forfall, 2. vara innkalt)

Frå administrasjonen møte:
Administrerande direktør Espen Remme
Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte.

Sak 10/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjente innkalling og saksliste.

Sak 11/19 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringer:

- Orientering frå administrerande direktør:
 - Mykje aktivitet internt og eksternt i samband med omstillingsarbeidet mellom anna vekentlege møter med tillitsvalde og eit dialogmøte den 1. februar med alle kommunane i Møre og Romsdal.
 - Undersøkinga ForBedring 2019
 - Helseplattformen: Nærmar seg signering av kontrakt med Epic
 - Besøk fra HOD om NHSP - kartleggingsarbeid
 - Ny spisskompetanse i Kristiansund – i jakten på nyrestein
- Status SNR-prosjektet
 - Ny prosjektdirektør og utbyggingssjef Hjelset
 - Ny anbudskonkurranse akuttsykehuset Hjelset
 - Etter vedtak i styremøte 24.01 er ny gjennomførings- og kontraktsstrategi revidert.
 - Onsdag 27.02 gjennomføres dialogmøte med markedet om ny anbudsprosess for akuttsykehuset på Hjelset.
 - DMS Kristiansund
 - Ny rapporteringsrutine
- Møte med GasRoR
- Info etter avklaringer med HMN vedr rammer for SNR?

- **Presentasjon ved Jon Magnussen**

Styret i Helse Møre og Romsdal fekk ei innføring i «Magnussen-modellen» med generell informasjon om fordelingsprinsippa og bakgrunn for kvifor vi har ein inntektsfordelingsmodell. Ny nasjonal modell kjem hausten 2019.

Etter presentasjonen var det ordet fritt og styret kom med innspel og spørsmål til Magnussen.

Sak 12/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll frå Brukarutvalet 18.02.2019
- Protokoll frå AMU m/ vedlegg 18.02.2019
- Protokoll frå styremøte HMN 08.02.2019
- Drøftingsprotokoll frå møte med FTV og HVO (tre dokument)
- Foretaksmøteprotokoll m/vedlegg 11.02.2019
- Brev frå Norsk Forening for slagrammede v/ Inger R. Bloch, leder Molde og omegn
- Brev frå Norsk Forening for slagrammede v/ Kjell Inge Skarbø, leder Ålesund og omegn
- Uttalelse frå politisk nivå, Aure kommune
- Tilbakemelding frå møtet med HMR og ordførerne på Nordmøre 14.02.2019
- Uttalelse frå Orkidé – om fødetilbudet og spesialisert rehabilitering på Nordmøre
- Uttale til nedlegging av Mork Rehabiliteringssenter frå Herøy kommune

- Klage over sammenslåing av fødeavdelingene i Nordmøre og Romsdal v/Anna Owczarz
- Styret si årlege egenervaluering 4. desember 2018

Sak 13/19 Innspel frå styret til Helse Midt-Norge sitt revisjonsprogram 2019-2021

Styret fekk ei orientering frå fagdirektør i HMR og internrevisjonssjef i HMN.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF stiller seg bak dei innspela som leiinga i føretaket har til Helse Midt-Norge sitt internrevisjonsprogram for 2019-2021.

Sak 14/19 Årleg melding

Styret fekk ei kort orientering om ordninga med sjukehuskoordinatorar og korleis Helse Møre og Romsdal tek i vare prinsippet om stadleg leiing. Det er også eit ønskje frå styret med ei breiare orientering om funksjonen og ordninga også sett i samanheng med øvrig leiing i helseføretaket i eit av dei kommande styremøte.

Vedtak:

Styret tek Årleg melding 2018 frå Helse Møre og Romsdal HF til Helse Midt-Norge RHF til orientering.

Sak 15/19 Utkast styrets årsmelding

Styret inviterast til å kome med innspel og fristen til innspel i etterkant av dagens styremøte er 27. februar.

Vedtak:

Styret tek orienteringa om utkast til styrets årsberetning til vitande. Årsberetninga blir endeleg vedteken på styremøte 27. mars 2019.

Sak 16/19 Statusrapport januar 2019 og statusrapport 3. tertial 2018

Styret fekk ei kort orientering om årsresultatet for 2018 og vedteken budsjett 2019 med forventa effekt gjennom året. Styret fekk også orientering om enkelte punkt i statusrapporten og ein presentasjon av ei «dashboard»-løysing som vert gitt leiarane i helseføretaket som verktøy til tettare oppfølging av måloppnåing.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport for januar 2019 og 3. tertial 2018 til orientering.

Sak 17/19 Oppfølging av budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan

Styret fekk orientering frå direktør om bakgrunn for arbeidet og løypemelding for status per i dag. Direktøren presiserer at hovudvekta av tiltaka som ligg føre er basert på faglege grunnar og framtidig berekraft, og ikkje berre økonomi. Bestillinga frå NHSP er «Å skape pasientens helsetjeneste betyr at helsetjenesten må endre kultur, holdninger, organisering og leing». Vidare må ein ta med seg perspektivmeldinga frå Finansdepartementet og dei utfordringane som er skildra om det norske samfunnet si utvikling og berekraft i åra framover

Det blei gitt ei kort presentasjon av prosjekta knytt til fødeavdelingane i Kristiansund og Molde, rehabilitering og DPS-tilbodet på Sjøholt og Vegsund.

Styret i Helse Møre og Romsdal fatta følgjande vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tek styresak og orientering om oppfølging budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan til vitande.
2. Styret legg til grunn framlagt tidslinje og plan for korleis rapportering av gevinstrealiseringa skal gjennomførast og korleis rapporteringa vil bli følgt opp.
3. Styret ber om at arbeidet med tydeleggjeringa av prosjektorganiseringa og operasjonalisering av prosjektområde vert prioritert.
4. Styret tek adm. dir. si vurdering av ytterlegare tiltaksområde til orientering og ber om at dette vert konkretisert i løpet av 1. tertial 2019.
5. Styret understrekar at det er viktig å gjere konkrete ROS vurderingar i samband med endringar i faglege tilbod, og samstundes gjere ei samla risikovurdering av føretaket sin løpande driftssituasjon.

Sak 18/19 Driftskreditt ramme og likviditet 2019

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om likviditet til orientering.

Sak 19/19 Avhending av bustadeigedomar på Hjelset i Molde kommune

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saka og godkjenner at bustadeigedomane Skjevikvegen 2, 4 og 6 (gnr/bnr 60/6, 60/7, 60/8) samt Langåsvegen 6 (gnr/bnr 60/10) på Hjelset i Molde kommune blir avhenda.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm.direktør fullmakt til å gjennomføre eventuelle tiltak på og avhending av eigedomane, samt utstede skøyte og signere andre dokument i samband med avhendinga.
3. Den samla verdien av eigedomane er truleg over 10 MNOK og saka blir derfor sendt Helse Midt-Norge RHF for godkjenning.
4. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at avhendinga blir gjennomført korrekt i høve til føringar og retningsliner som er gitt av Helse Midt-Norge RHF og føretaksmøtet samt lover og føreskrifter.

Sak 20/19 Godkjenning av protokoll 03/2019 – styremøte 20.02.2019**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 20.02.2019.

Ålesund, 20.02.2019

Ingve Theodorsen
Styreleiar

May Helen Molvær Grimstad
Nestleiar

Toril Forbord

Nils Kvernmo

Bjarne Storset

Anette Lekve

Marianne Nydal
Vara for Jan Arve Antonsen

Mikal Gjellan